

Taulstad og Håmår

gnr. 1, 2, 3 og 4.



Av Knut Raastad, juli 2024



Lalm 1974. Foto: Gunvor Ahlberg / Gudbrandsdalsmusea, digitaltmuseum.no

Tolstad – Taulstad	side 2
Taulstadskriu	side 6
Håmår uppistugu	side 7
Sveinlykkja	side 10
Håmår nistugu	side 12

Tolstad – Taulstad

I 1411 vart det halde takst av lausøyre på Tolstad etter Kristine Eilefsdotter.

I 1437 var Adalis Ellinfsdotter av Finneætt eigar av Taulstad. Ho var gift med riddar og riksråd Taral Sjugurdson Kane. Adalis hadde 2 døtre:

NN, neste eigar
Kristine

Dotter til Adalis var gift med Holta Jonsson f.1438. Ei tid var garden bortleigd til Eirik Bjørnson av Brattætta.

Kristine Taraldsdotter overtok etter Holta Jonsson som døydde i 1438. I 1437 vart Tolstad bortleigd til Ommon Nilsen og han og sonen Nils etter han hadde garden til 1516.

Botolv Endridson arva Tolstad av slektningen Kristine Taraldsdotter.

Botolv Endridson selde i 1463 Tolftestad i Vågå til riddar Alv Knutson d.1495. Alv budde på Grefsen på Nes i Hedmark, han var gift med Magnhil Oddsdotter, dei hadde dottera Karine d.1537

Anders Jonsson på Ner-Bjørnstad bygsla Taulstad omkring 1535 og etter han Per Kokk.

Tolstad vart midt på 1500-talet ein del av jordegodset til Gyrvhild Sparre. Gyrvhild Fadersdotter var dotterdotter til bror til Karine på Grefsen som døydde i 1537. Gyrvhild var enkje etter Hr. Lauge Brahe og skjøta i 1586 til Kongen alt godset som ho eigde i Akershus len, av dette Tolstad med skyld 7 huder inkl. kvernberget. Dette krongodset 7 huder vart også nemnd i oversikt i 1607.

Mellom 1590 og 1600 bygsla fauten Paal Kristensen ein del av Taulstad. Paal var gift med Aagot Andersdotter Bjørnstad n., dei hadde 4 barn:

Kristen, til Ellingsbø
Anders, g.m. Karen Sjugurdsdtr. Bjørnstad n. Til Bjørnstad
Jon, g.m. Marit Sjugurdsdtr. Bjørnstad n.. Til Rottem
Anne, g.m. Bård Odlo, Ringeby

Aagot vart gift på nytt med Knut som iflg Ivar Kleiven bygsla noko av Taulstad samtidig med Paal Kristensen. Knut Tolstad var lensmann i 1613, han betalte i 1612-1613, 1615-1616 og 1627-1628 holding av Tolstad 7 huder av fru Gjørvels gods. I åra mellom betalte han holding av 4 huder medan son og svigerson hadde 3 huder. Knut hadde vore gift før og hadde 1 barn:

Gulbrand, neste brukar

Med Aagot hadde Knut 1 barn:

Karen, seinare brukar

Gulbrand Knudsen svara i 1618-1619 fyrstebygsel av 3 huder i Tolstad, i 1621-22 var han daud.

Karen Knutsdotter Tolstad var gift med Pål Hansen. Pål betalte i 1621-22 fyrstebygsel av dei 3 hudene Gulbrand hadde hatt. Han betalte i 1624-25 holding av 7 huder saman med svigerfaren. Pål betalte i 1630-31 fyrstebygsel av 3 huder i Tolstad og 1 hud av Horgireng som svigerfaren hadde brukt. Etter dette og fram til 1655 betalte han holding av alle 7 huder av Tolstad. Pål og Karen hadde 3 barn:

Marit f.ca.1622, d.etter 1682, g.m. Hans Andersen Stade n. f.ca.1617 d.1680

Mari f.ca.1624, g.m. Tord Gudbrandsen Sandbu f.ca.1620 d.1692. Til Røberg i Land

Hans 1625-1695, neste brukar

Stathaldaren Hannibal Schested fekk Tolstad i 1640, men måtte i 1651 avstå godset til kongen. I 1651 var det dermed fauten Christen Mogensøn som festa bort Tolstad 7 huder til Hans Paulsen.

Kongen pantsette Tolstad til dei hollandske brørne Selius og Gabriel Marselis og pantet vart aldri innløyst. Seinare overtok Johan Marselis som var son til Selius Marselis.

Hans Pålsen Tolstad vart ca.1648 gift med Anne Simensdotter Hegge f.ca.1630 d.etter1696 dotter til lensmann Simen Trondsen Heggen f.ca.1588 d.1671/75 og Kari Amundstr. Olstad n. i Gausdal. Hans var bondekaptain, han overtok bruken av Tolstad i 1658 (men hadde alt i 1651 fått festebrev frå fogden). I 1668 stod Hans som brukar av Tholdstad 7 huder, eigar var Gabriel Marcelis. Hans kjøpte Tolstad med skjøte i 1685 frå Johan Marselis. Hans og Anne hadde 4 barn:

Pål 1652-1739, neste brukar

Simen 1659-1711, g.m. Ragnhild Pålsdr. Romungard f.ca.1670 d.1722. Til Tofte.

Knut 1663-1706, g.m. enkja Karen Halvorsdr. Hvaleby 1663-1748. Til Hvaleby i Gran.

Kari f.1670 d.ca.1715, g.m. Anders Sigvardsen Formo 1664-1717.

Pål Hansen 1652-1739 var sekondløytnant i Verdal og kom attende og overtok Tolstad før faren døydde i 1695, skiftet var i 1692. Pål vart 1696 gift med Anne Olsdotter Rusnes 1678-1732 som var dotter til Karen Pedersdr. og truleg Ole Simensen (Ole var fosterson til Torkill Erlandsen Råstad Rusnes). Pål og Anne hadde 12 barn:

Hans 1695-1780, neste brukar

Knut 1697-1760, g.m. Rønnaug Ivarsdr. Øy f.17069. Til Øy n.

Simen 1699-1765, g.m. Eli Stenersdr. Waalen 1687-1762 som var enkje etter Christen

Torsteinsen Fliflet d.1718. Til Fliflet. Lensmann i Fåberg.

Anne 1701-1767, g.m. Pål Andersen Viste 1692-1770. Til Bjørnstad n.

Kari 1702-1769, g.m. Ola Olsen Slette 1707-1795.

Ragnhild f.1705, g.m. Ola Guttormsen Heringstad 1701-1744
Pål f.1707, g.m. Anne Amundsdr. Forbrigd d.1794. Til Haverstad i sør-Fron
Mari f.1709, g.m. Tord Olsen Leine, Kvam 1701-1746
Hans 1710-1740
Marit 1711-1784, g.m. lensmann Jørgen Gundersen Flagestad, Lesja 1799-1743
Ola 1715-1774, g.m. Ragnhild Tjøstelsdr. Kleppe s f.1725. Til Kleppe
Gudbrand 1717-1800, g.m. Marit Sevaldsdr. Blakar 1736-1771, g.2.m. Mari Svendsdr.
f.ca.1721 d.1772. Til Bårstad.

Hans Pålsen 1695-1789 var gift med Barbro Tordsdotter Bjøstad 1702-1785 dotter til Tord Tordsen Bjølstad 1671-1739 og Guri Olsdr. Slette 1675-1751. Hans og Barbro hadde 5 barn:
Anne 1726-1801, g.m. Simen Pålsen Tofte 1724-1756, g.2.m. Torstein Olsen Tofte f.1726
Guri 1726-1820, g.m. Guttorm Olsen Sandbu u-s f.1721
Pål 1736-1812, neste brukar
Tord 1736-1818, g.m. Berte Syversdr. Aasaaren 1739-1772, g.2.m. Imbiør Tordsdr.
1741-1811. Til Harildstad.
Hans 1737-1744, g.m. Mari Olsdr. Angard f.1744. Til Angard

Paul Hansen fekk i 1763 skjøte på Taulstad frå foreldra for 700 rd. Pål 1736-1812 var gift med Marit Pålsdotter Tofte 1733-1804 dotter til Pål Simensen Tofte 1690-1765 og Kari Iversdr. Kleppe f.1693. Pål og Marit hadde 12 barn:
Barbro 1755-1807, g.m. Trond Larsen Valbjør 1749-1807
Hans 1756-1756
Hans 1759-1841, neste brukar
Kari 1761-1836, g.m. Ole Olsen Slette 1765-1838
Anne 1763-1849
Pål 1764-1847, g.m. Rønnaug Eriksdr. Blessom n. 1759-1847. Til Blessom.
Simen 1767-1849, g.m. Ragnhild Iversdr. Fellese 1770-1848. Til Viste og Øy.
Anne f.1766, g.m. Ola Hansen angard 1762-1829
Ole 1770-1840, g.m. Anne Iversdr. Kvarberg n. 1781-1856. Til Kvarberg
Ragnhild 1774-1862, g.m. Tor Tordsen Bjølstad 1776-1843
Tord f.1776, fehandlar
Guri 1779-1810, g.m. Ole andersen Fellese 1780-1816

I 1795 var det skjøte på Tolstad 7 huder frå Pål Hansen til Hans Pålsen for 999 rd. Hans 1759-1841 var gift med Mari Olsdotter Slette 1768-1844 dotter til Ola Olsen Slette 1725-1811 og Guri Torsdr. Bjølstad 1740-1827. Hans og Mari hadde 8 barn:
Pål 1792-1864, neste brukar
Ola 1794-1847
Hans 1797-1859, g.m. Louise Helene Hansen 1803-1860. Til Gammel-Sandbu i Sel.
Tord 1800-1886
Semon 1802-1883, g.m. Ymbjør Svendsdr. Bolstad 1824-1912. Til Aaseng.
Mari 1805-1822
Guri 1808-1856, g.m. Guttorm Olsen Sandbu 1813-1874
Iver 1811-1853, sinnsvak

I 1822 var det skjøte på Tolstad 7 huder frå Hans Paulsen til Paul Hansen for 1000 spd. Pål 1792-1864 var gift med Mari Olsdotter Slette 1793-1847 dotter til Ola Olsen Slette 1765-1838 og Kari Pålsdtr. Tolstad 1761-1836. Pål og Mari hadde 6 barn:

Hans 1819-1890, neste brukar

Mari 1825-1877, g.m. Anders Hansen Raastad s. 1819-1885

Kari 1828-1901, g.m. Pål Johannessen Mo 1825-1904

Guri 1833-1834

Ola 1833-1834

Ola 1839-1902

I 1869 var det skifte etter Paul Hansen og hustru der Tolstad samt Skriden engeland, øvre Hammer og Ragnhildengen vart utlagt til Hans Paulsen for 13500 spd. Hans 1819-1890 var gift med Guri Pålsdotter Valbjør 1817-1874 dotter til Pål Trondsen Valbjør 1789-1827 og Mari Tordsdtr. Kleppe n. 1788-1839. Hans og Guri hadde 4 barn:

Pål 1852-1866

Pål 1856-1916, neste brukar

Hans 1859-1903

Mari 1853-1897, g.m. Hans Olsen Helle Snerle m. 1859-1931

Paul Tolstad overtok etter faren som døydde i 1890. Det ser ikkje ut til at hjemmelsovergang vart tinglyst for i ei erklæring tinglyst 1897 vart Paul Tolstad nemnd som «angivelig eier av denne gaard». Pål 1856-1916 var gift med Ragnhild Olsdotter Helle 1863-1942 dotter til Ole Gudbrandsen Snerle 1837-1904 og Ragnhild Jonsdtr. Mo 1829-1904. Pål og Ragnhild hadde 11 barn:

Guri 1882-1905

Hans 1885-1954, neste brukar

Ragna 1886-1962, g.m. Ole Syversen Veggum n. 1887-1967

Ola 1888-1898

Pål 1890-1953

Marie 1891-1937

Tora 1894-1975

Kari 1895-1939

Oda 1898-1940

Ola 1900-1923

Ragnhild 1902-1952

Skriden engeland, Ragnhildengen og Hammer øvre vart sist på 1800-talet samanføygd med Tolstad gnr. 1 bnr. 1. Hans Tolstad 1885-1954 overtok Tolstad med kjøpekontrakt i 1916 tinglyst i 1929 for kr 90000,- inkl. lausøyre samt føderåd til mora og burett for sysken. Hans vart 1938 gift med Magna Christensdotter Brandser, Heidal 1898-1976, dotter til Christen Brandser 1861-1931 og Gonette Olsdtr. Faukstad 1863-1945. Hans og Magna hadde 2 barn:

Pål f.1940, neste brukar

Ola f.1941, g.m. Dagny Usterud f.1947

Paal Tolstad overtok Tolstad gnr. 1 bnr. 1 etter mora med skjøte på 1/3 i 1960 og reisten i 1972. Paal vart 1975 gift med Kari Kvarberg u. 1942-2022 dotter til Øistein Eriksen Kvarberg f.1914 og Hjördis Jørgensdtr. Jotun 1913-1998. Paal og Kari hadde 2 barn:

Helene f.1978

Hans f.1979, neste brukar

Hans Kvarberg Tolstad overtok eigedommen i 2004.

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Tolstad.

Digitalarkivet: Panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Ivar Kleiven, I gamle Daagaa, 1944: Taulstad-Ækte

Tolstadskriu – Skriu

Svein hadde betalt fyrstebygsel i 1621 og Skriu vart da nemnd som øydeplass som nyleg var lagt til landskyld for krona. Svein vart også nemnd i 1640.

Koppskatten 1645, manntalet 1666 og matrikkelen 1668 viser at brukaren var Knut Jonsen Schreden f.ca.1625 og at Skreen 2 skinn tilhørde kongen.

I liste over gardsbrev frå Lalm gjordt av Ivar Kleiven står det at Hans P Tolstad i 1679 fekk skjøte på Skriu 2 skinn frå Henrik Aug. Brochdorf og Maren Krabbe. Men det kan ikkje stemme for i 1680 var det Tosten Kleppe som tinglyste kjøpebrev på Skriu 2 skinn som var kjøpt av oberst Brochdorf og frue. Datert 26.1.1680. Denne tida var Tosten Kleppe også eigar av nistugu Håmår. I ei avtale om skogen på Tolstadåsen i 1702 vart det nemnd at Pål Tolstad hadde kjøpt Skriu av Tosten Kleppe i 1688.

I 1676 vart det nemnd ein Hans Skreden, han var bror til ein som ville løyse inn nistugu Håmår.

Skoskatten 1711 nemner ikkje Skriu

Matrikkelutkastet 1723 viser at Skreen da vart nemnd som engeland og at eigar og brukar var Pål Hansen Tolstad. I 1737 vart det tinglese gavebrev frå Tosten Kleppe til Paul H Tolstad, kanskje var dette formalisering av overdraging som hadde skjedd før.

Skreen 2 skinn vart i 1797 skjøta over frå Pål Hansen til sonsonen Pål Hansen for 250 rd.. I 1869 var det skifte etter Paul Hansen 1792-1864 slik at sonen Hans Paulsen 1819-1890 overtok. Seinare vart Skriu samanføyd med Tolstad til eitt matrikelnummer.

Arne Syversen Skriden 1850-1942 starta i Skriden i 1876, han vart 1875 gift med Ymbjør Jonsdotter 1830-1914 dotter til Marit Johannesdr. f.1795 og Jon Tjøstolsen (Jo Gjende). Arne og Ymbjør rydda jord og bygde opp att hus. I 1900, 1910 og 1920 var Arne jordbrukande husmann. I 1920 var Inga Olsdotter Nysæter f.1888 budeie og firistandar, det vart da registrert 6 karar som losjerande med full kost så da var det mange som brukte kvilestaden.

I 1900 var det registrert to heimar i Tolstadskriu, i tillegg til husmannsplassen var det bostedet Tolstadskreden. Der budde Peder Pedersen Smedstuen f.1865 som var arbeidar ved dampsg. Han var gift med Mari Olsdotter Bråtå 1872-1952 som dreiv kaffeutsalg og kvilestad. I 1907 kjøpte dei Eide. Peder og Kari hadde 6 barn:

Kari f.1900, g.m. Ivar Mellesmo, alvdal f.1890

Ola 1901-1984, g.m. Borghild Kleiven 1906-1995. På søre Eide

Paal f.1903

Ragnhild f.1905

Sigurd f.1908, g.m. Barbro Kleiven f.1914. Til nørdre Eide.

Petter f.1911

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Knut Raastad, Jutulen 2017: Noko om Tolstadskriu og Jo Gjende

Håmår uppistugu

I 1586 var det skjøte på 1 hud i Håmår til kongen Fredrik 2. frå Gyrvild Fadersdotter Sparre, enkje etter Lauge Brahe. Dette krongodset på 1 hud etter fru Gjørvel vart også nemnd i 1607.

Jonn Hammer vart nemnd som leiglending på Håmår frå 1610 til 1618. Han brukte truleg halve garden som truleg var uppistugu, og ein medbrukar betalte skatt for det som kanskje var nistugu.

På 1620-talet var det to brukarar av Håmår, på det eine bruket var Guttorm og framover følgde namna Guttorm og Mikkel etter kvarandre.

Håmår vart i 1666-1668 nemnd som ein gard med to brukarar, oppsitjarane eigde 3 huder og kongen 1 hud. Michel Guttormsen var den eine brukaren som brukte halvdelen, han vart også nemnd som brukar i 1645. I 1698 var det skifte etter Michel Hammer, han hadde 5 barn:

Guttorm, neste brukar

Thor, g.m. Marit Haldorsdr., til nistugu Håmår

Knut

Mari

Torø

Men odelskattelite i 1663 viser at Lauridz Hollen da fekk jordleige av ½ hud i Håmår. Dette let han lesa kjøpebrev på i 1671, han hadde kjøpt det av Ellev Johansen og Anne Nilstr. Johannes Lien og Gulbrand Rødningen hevda i 1672 odelsrett til dette overfor Ener Holen som må vera son til Lauridz. Forfedrane hans hadde løyst godset av Hr. Christopher. Ingrid og Hans Holen som i 1721 framstod som eigarar av dette var barna til Ener Holen.

Skoskatten 1711 viste at da var Guttorm Hammer brukar på Håmår, han vart også nemnd i 1702. Guttorm Michelsen Hammer d.ca.1719 var gift med Kari Syversdotter, ved skifte i 1719 eigde dei 1 hud i Håmår. Guttorm og Kari hadde 6 barn:

Marit f.ca.1692
Guri f.ca.1694
Michel, neste brukar
Syver
Tor
Oluf

Michel Guttormsen fekk i 1721 skjøte på Håmår frå syskjena, Hans Holen samt eigen og hustrus arv, til saman 1 ½ hud.

Michel Guttormsen kjøpte ½ hud frå kongen i 1726-1733 for 35 rd. (brukaren på nistugu kjøpte også ½ hud i Håmår). Michel var gift med Ingrid Enersdotter, ho var truleg frå Holen i Heidal dotter til Einar Larsen Holen 1643-1698 og Torø Hansdtr. Rudi 1651-1695. Michel og Ingrid hadde 3 barn:

Guttorm f.ca.1711 d.1780, neste brukar
Ener f.ca.1714 d.1801, g.m. Mali Christensdtr. d.1795, til Sundlien og Klokkargarden
Anders f.ca.1718 d.1755

Det var skifte i 1736 etter Michel Guttormsen Hammer og Ingri Enersdtr., dei eigde da 2 huder i Håmår. I 1738 vart det tinglyst skjøte frå syskjena for 180 rd. til broren Guttorm Michelsen. Guttorm Michelsen var gift med Kirsti Sarqvsesdotter f.ca.1712 d.1785, dei hadde 5 barn:

Ole, myndig i 1780
Anne f.1742, g.m. husmann Knut Paulsen
Kari f.1745 d.før 1780
Hans 1752-1752
Ingrid f.1756, 23 år i 1780

1780 offentlig auksjon over øvre og nedre Håmår, høgstbydande vart Iver Thorsen Tofte med bod 2211 rd. (Guttorm hadde samla Håmår, men fall bort 1780)

I 1783 var det skjøte på øvre Håmår skyld 2 huder frå Iver Tordsen Haagenstad til Erland Pedersen Langrusten for 1245 rd. Erland Pedersen f.ca.1742 d.1803? skifte 1815 vart 1771 gift med Imbjør Larsdotter, truleg dotter til Amund søre Stade. Familien budde tidlegare i Langrusten i Heidal og kom etter at dei var på Håmår til Øverlien i Ottdalen. Erland og Imbjør hadde 11 barn:

Peder f.ca.1772
Anne f.1776
Lars f.ca.1778 , Brustugun
Guttorm f.1783
Østen f.ca.1786
Thor f.ca.1788 d.1842, til øre Bjørnstad
Jon
Marit f.1791, g.m. Poul Torstensen Kjølstad
Ole f.1792

Hans f.ca.1795

Erland f.1797, i øvre Lien

I 1794 var det skjøte på øvre Håmår 2 skinn frå Erland Pedersen til lensmann Knut Trosdahl for 1599 rd. Knut Klemmetsson Trosdahl 1744-1823 frå søre Tråsådalen på Lesja var lensmann i Lom 1788-1792 og i Vågå 1793-1814. Trosdahl var gift med Johane Fredrikka Hansdotter Hvid 1764-1840 frå Folldal, dei hadde 10 barn:

Niels Peter f.1788

Johan Clements f.1790, seinare brukar

Anders 1792-1854, neste brukar

Marius Christian f.1793

Knut f.1794

Marie Kristine f.1796

Anne f.1797

Johanne Friderica f.1799

Mads Bjerregaard f.1800

Friederich Herman f.1807

Nyløkken 2 skinn vart i 1818 frådelt frå Håmår og seld frå enkja etter Knut Trosdahl, Johanne Frederike Trosdahl til Iver Olsen for 400 spd. I 1818 var det skjøte på Håmår 1 hud 10 skinn frå Knut Trosdahl til sonen lensmann Anders Trosdahl for 800 spd. I 1838 og 1842 vart han nemnd som kontorbetjent. Anders Trosdahl vart i 1815 gift med Christine Wang, dotter til presten Marcus Frederik Bang Wang f.1760 og Jacobine Edvardine Munch 1770-1853. Dei hadde 8 barn:

Markus Frederik Bang Vang f.1816

Knut f.1818

Peter Munch f.1818

Christian Adolph Storm f.1827

Carl Julius f.1834

Jens Mathias Berbom f.1838

Hermana Johanna Bolette 1840-1842

Frederik Antonette Emilie 1840-1842

Med Ragnhild Syversdtr. Brustuen hadde Anders Trosdahl sonen:

Ole f.1837

I 1823 var det makeskifte med Håmår skyld 1 hud 10 skinn slik at Johannes Rasmussen overtok Håmår medan Anders Trosdahl overtok Sandbu sygard nistugu. Same året vart ein skogteig 1 skinn frådelt frå Håmår og skjøta til krigsråd Molbeck Lundh for 50 spd. Johannes Rasmussen Sandbu f.ca.1795 var son til Ramus Johannessen Sve f.1770 og Anne Marie Larsdtr. Jarmann 1771-1815.

I 1827 selde Johannes Rasmussen øvre Håmår skyld 1 hud 9 skinn til Johan Trosdahl for 800 spd. Johan Trosdahl f.1790 vart 1812 gift med Christine Tronhuus, dei hadde 1 barn:

Johan Frederik 1818-1820

Johan Trosdahl flytte seinare til Sel Han var fortsett gift da han i 1852 fekk barn med Marit Haugen, og i 1854 vart han som enkjemann gift med henne. Marit Johnsdotter Haugen, Sel f.ca.1819 og Johan hadde 4 barn:

Johan f.1852
Caroline f.1852
Marit f.1855
John f.1858

I 1832 var det skjøte på Håmår skyld 2 huder frå Johan Trosdahl til Poul Tolstad for 900 Spd. Øvre Håmår har sidan vore ein del av Taulstad. Ved skifte i 1869 vart Håmår overført frå Paul Tolstad til Hans Tolstad. Seinare vart Håmår samanføyd med Tolstad til eitt matrikelnummer.

Kjelder:
P.Ø.Kvarberg 2000: Slekt i Vågå og Lom, slekten på Tolstad
Folketelling 1801
Utskrifter kyrkjebok for Vågå
Digitalarkivet: Panteregister
Utskrifter tingbøker
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Gunnar Ottosen: Prester i Vågå sogn, Jutulen 2012
Gunnar Ottosen: Lensmenn i Vågå
Jon Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2
Jakup Skjedsvoll: notat om skattelister på 1620-talet

Håmår skogteig

I 1823 var det makeskifte med Håmår øvre skyld 1 hud 10 skinn slik at Johannes Rasmussen overtok Håmår medan Anders Trosdahl overtok Sandbu sygard nistugu. Same året vart ein skogteig 1 skinn frådelt frå Håmår og skjøta frå Johannes Rasmussen til krigsråd Molbech Lundh for 50 spd.

I 1859 var det skjøte frå Anders Molbech Lundh til veginspektør Soleglad. I 1860 var det skifte i veginspektør Solglad og avdøde hustru Kari Thorsdotters bu der enkjemannen fekk seg utlagt skogteigen for 400 spd.

I 1861 var det skjøte på Hammer skogteig frå veginspektør Soleglad til kaptein I M Brun for 550 spd.

I 1865 var det auksjonsskjøte på Hammer skogteig gnr. 4 bnr. 3 til G Saastad for 200 spd. I 1890 vart Bruvikteigen gnr. 4 bnr. 4 frådelt frå Hammer skog. I 1894 var det kjøpekontrakt frå Gunvald Saastad til Olaus Saastad på gnr. 4 bnr. 3 for kr 600,-.

Kjelder:
Digitalarkivet: Panteregister

Sveinlykkja – Lykkja – Håmårlykkja

Nyløkken 2 skinn vart i 1818 frådelt frå øvre Håmår. Knut Trosdahl overdrog Håmår til sonen dette året og heldt att Nylykkja. Knut Klemmetsson Trosdahl 1744-1823 frå søre Tråsådalen på Lesja var lensmann i Lom 1788-1792 og i Vågå 1793-1814. Knut Trosdahl hadde Håmår frå 1794. Trosdahl var gift med Johane Fredrikka Hansdotter Hvid 1764-1840 frå Follidal og dei hadde mange barn.

Nylykkja vart i 1823 seld frå enkja Johanne Frederike Trosdahl til Iver Olsen for 400 spd. Iver Olsen Blessomeiet f.ca.1793 d.1863 vart 1824 gift med Rønnov Nilsdotter Strand n. f.1797 dotter til Nils Fredriksen Lunde 1764-1854 og Ymbjør Larsdtr. Øy ø Haugøy 1761-1851. Ved barnefødsel i 1837 var dei i Hammerlykken. Iver og Rønnov hadde 2 barn:

Nils f.1822

Hans Petter f.1837

I 1839 var det skjøte Iver Olsen til Lars Nilsen Stranden for 265 spd. Dette var Lars f.ca.1802 d.1885 som var bror til Rønnov. Lars var ugift.

I 1850 var det skjøte på Løkken frå Lars Nilsen til Hans Hansen Visdal for 200 spd. Hans Hansen Visdal f.1816 var son til Hans Nilsen Visdal u. 1783-1823 og Eldri Erlandsdtr. Holen f.ca.1785 d.1819. Hans vart 1848 gift med Ingri Hansdotter f.1815 dotter til Johannes Syversen Sandnes s. 1781-1873 og Gunhild Iversdtr. Viste 1780-1877. I 1865 var Hans losjerande smed. Heile familien flytta til Ålesund i 1869. Hans og Ingrid hadde 6 barn:

Hans f.1848

Anne f.1850

Iver f.1851

Eldri f.1854

Syver f.1856

Nils f.1860

I 1867 var det skjøte frå Paul Hansen Øy etter fullmakt frå Hans Hansen til Hans Olsen Sveine for 550 spd. Hans Olsen f.1830 var son til Ola Gunnarson Skrukstad, Dovre f.ca.1784 d.1852 og Anne Hansdtr. Sveine 1797-1877. Hans vart 1855 gift med Marit Nilsdotter Bakken, Skjåk f.1824, dei hadde 4 barn:

Ola 1856-1919, g.m. Eldri Eriksdtr. Veggumsløkken 1863-1939. Til øvre Bjørnstad.

Else f.1863

Anne 1863-1863

Nils 1865-1934, neste eigar

I 1888 var det skjøte på Løkken (løpenr. 2, gnr. 2 bnr. 1) frå Hans Olsen Sveine til sonen Nils Hansen Sveine for kr 3600 inkl. føderåd verdsett til kr 1000. Nils var gift med Oline Olsdotter Bårstad f.ca.1865. I 1891 var familien på Hesthagen i Garmo der Nils var landhandlar. I 1897 fekk Nils skjøte på Pillerviken.

I 1893 var det skjøte frå Nils Hansen Sveine til Hans Syversen Braaten for kr 3000. Hans f.1855 var son til Syver Olsen f.1818. Hans var gift med Gunhild Pålsdotter Kolstad f.1853, dei hadde 8 barn:

Ingebjørg f.1882

Pål 1885-1973, neste brukar

Syver f.1887
Ingri f.1890
Ole f.1892
Hans f.1894
Gustav f.1898

Pål overtok i 1943. Han vart 1942 gift med Kari Bråten 1898-1980, dei hadde 1 barn:
Gudveig Ingrid f.1942, g.m. Svein Arne Andreassen

Eigar 1964-1990 var Hans Ulsletten 1915-1990, han var gift med Olga Brobakken, Heidal f.1916.

Eigar 1990-1994 var Ådne Snerlebakken f.1959.

Eigar frå 1994 Finn Bergheim, Sel f.1965.

Kjelder:

Jon Kolden: Bygdabok for Lom 1 og 2

Digitalarkivet: Panteregister, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953-1997

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, Slektar på Nordre Strand

Håmår nistugu

I 1613-1614 og vidare nemnd på 1620-talet var det to brukarar av Håmår, Lars Håmår betalte skatt som medbrukar.

I 1645 var det to brukarar av Håmår, den eine var Oluff.

Håmår vart i 1666-1668 nemnd som ein gard med to brukarar, oppsitjarane eigde 3 huder og kongen 1 hud. Tosten Knutsen var den eine brukaren som brukte halvdel. Dette ser ut til å vera Torstein Knutsen Kleppe n. 1624-1700 son til Knut Olsen Kleppe og Kari Ivarsdotter Sandbu u-s f.ca.1573. Torstein vart ca. 1652 gift med Brit Tordsdotter Bjølstad f.ca.1624 d.1698 dotter til Tord Tordsen Bjølstad f.ca.1575 d.1675 og Ingrid Olsdtr. Slette f.ca.1605 d.ca.1672. Torstein vart også brukar på Kleppe. Torstein og Brit hadde 5 barn:

Ivar f.ca.1652 d.ca.1730, g.m. Guri Olsdotter Hjelle, Dovre 1664-1751

Ola f.1653

Tord 1659-1719, g.m. Ingeborg Pålsdtr. Romundgard d.1730. Til Romundgard.

Tjøstolv f.ca.1666 d.1724, g.m. Synnøve Persdtr. Sandbu f.ca.1667 d.ca.1700, g.2.m.

Barbro Jakobsdtr. Austrem n f.før 1685 d.1740. Til Holbø n. og Valbjør.

Tora f.ca.1660 d.1695, g.m. Jon Eriksen Helle 1666-1724

Skoskatten 1711 viste at da var Tord Hammer brukar på Håmår, han vart også nemnd i 1702. Dette må vera Tor Mikkelsen frå uppistugu Håmår, son til Michel Guttormsen Hammer d.ca.1698. Tor d.ca. 1719 var gift med Marit Haldoesdotter, i 1723 vart ho nemnd som

oppsitjar og eigar av 1 ½ hud med bygsel over ½ hud som tilhørde kongen. Tor og Marit hadde 3 barn:

Oluf, neste brukar

Hans f.ca.1700

Ragnhild d.før 1719, ho hadde dottera Kari Hansdtr. f.ca.1712

I 1739 fekk Ole Tordsen Hammer skjøte på neristuen Hammer skyld 2 huder etter å ha betalt det som stod i skiftebrevet etter hans avdøde hustru Marit Poulsdtr. Ole Thorsen kjøpte ½ hud frå kongen i 1739 for 35 rd. Ole Tordsen Hammer f.ca.1692 d.1777 var gift med Marit Paulsdotter d.1737, dei hadde 5 barn:

Tord f.1724, neste brukar

Paul f.1724

Marit f.1727

Hans f.1733

Marit f.1738

Ole Tordsen Hammer vart gift på nytt med Randi Rasmusdotter, dei hadde 7 barn:

Gulbrand f.1739, skifte 1774

Synnef 1744-1807, g.m. Hans Larsen Kvernhusbakken 1741-1813

Ragnhild f.1745, g.1797 m. Nils Olsen Finnbrustugu, til Klokkargarden

Ragnhild f.1746

Anne f.1849

Marit 1753-1754

Anne f.1754

Thor Olsen overtok etter faren, truleg ved skifte i 1759. Han var gift med Kari Jonsdotter. Dei hadde 3 barn:

Jon f.1764

Marit f.1766

Poul f.1769

I 1766 var det skjøte på nedre Håmår skyld 2 huder frå Thor Olsen Hammer i samråd med kona Kari Jonsdotter til Guttorm Michelsen Hammer for 1500 rd. Han vart da eigar av både oppigard og nigard. Guttorm Michelsen Håmår f.ca.1711 d.1780 var gift med Kirsti Sarqvesdotter f.ca.1712 d.1785, dei hadde 5 barn:

Ole, myndig i 1780

Anne f.1742, g.m. husmann Knut Paulsen

Kari f.1745 d.før 1780

Hans 1752-1752

Ingrid f.1756, 23 år i 1780

I 1780 var det offentleg auksjon over øvre og nedre Håmår, høgstbydande vart Iver Thorsen Tofte med bud 2211 rd.

I 1783 var det skjøte frå Iver Tordsen Haagenstad på nedre Håmår skyld 2 huder til Syver Tordsen Bjørnstad og hustru Marit Olsdtr. (frå Heringstad?) for 1150 rd.

I 1786 var det skjøte frå Syver Thoresen Bjørnstad til Hans Christensen Hammer på nedrestuen Hammer skyld 2 huder for 1130 rd. Hans Christensen f.ca.1750 d.1826 var frå Fellese, son til Christen Iversen Fellese f.ca.1695 og Ingeborg Amundsdr. oppigard Viste. Hans vart i 1785 gift med Imbjør Guttormsdotter 1760-1847, dotter til enkjemann Guttorm Heringstad og ugift Imbiør Tjøstelsdr. truleg Kleppe s. f.ca.1732. Hans og Imbjør hadde 5 barn:

Tjøstel 1785-1866, neste brukar
Imbjør f.1789
Ragnild f.ca.1793
Iver f.ca.1796 d.1877, ugift, føderådsmann i 1865
Hans f.ca.1798 d.1860, g.1828 m. Anne Rasmusdr. Sandbu f.ca.1803, husmannsfolk i Håmårslykkja, dei hadde 6 barn: Lars f.1824, Hans f.1828, Ingeborg f.1831, Rasmus f.1835, Johan 1842-1849, Iver f.1845

I 1808 var det skiftebrev etter Hans Christensen, sonen Tjøstel Hansen har hjemmel og det går fram at foreldra selde garden til Tjøstel for 1000 rd. I 1827 avstod Tjøstel Hansen eit jordstykke Teigen under nedre Hammer til Ingebor Eriksdr. Tjøstel Hansen Hammer vart 1825 gift med Rønnaug Ivarsdotter Sylte f.1804 frå Fron, ho reiste til USA i 1870. Tjøstel og Rønnaug hadde 6 barn:

Ingeborg f.1827, g.1854 m. Ole Olsen Tolstadeie f.ca.1824, til USA 1854
Hans f.1830, neste eigar
Marit f.1833, g.m. Paul Svendsen Bolstadløkken f.1826, i Håmårlykkja i 1875
Ymbjør f.1838, ho hadde sonen Hans f.ca.1864
Jacob f.1842, g.1870 m. Ragnhild Hansdr. Josten f.ca.1848
Gunild f.1846

Sonen Hans Tjøstelsen overtok etter faren, truleg i 1858. Hans vart 1858 gift med Marit Syversdr. Ryen (Hovda) f.1829 dotter til Syver Andersen Sve 1789-1855 og Tore Larsdr. Hovde f.1797. Familien reiste til USA i 1858. Hans og Tore hadde 1 barn:

Lars f.1854

Hans selde same året som han overtok i 1858 garden til bror til kjerringa Anders Syversen 1819-1875. Anders Syversen Ryen var son til Syver Andersen Sve 1789-1855 og Tore Larsdr. Hovde f.1797. Anders vart i 1851 gift med Anne Pedersdotter oppistugu Faulstad f.1827 dotter til Peder Pedersen Faulstad. Etter Håmår var Anders og Anne på øvre Bilben. Anders og Anne hadde 8 barn:

Mari f.1851, g.1877 m Anders Fransson midtre Ekre
Syver f.1853, til Amerika i 1871
Peder f.1856
Ragnhild f.1860
Kari f.1863
Thor f.1866
Hans f.1869
Anders 1873-1874

I 1865 var det ny familie på Håmår. Ole Olsen Viborg fekk i 1863 skjøte frå Anders Syversen Bilben for 800 spd. Ole Olsen Viborg f.ca.1811 frå Ringeby var gift med Rønnaug Erlandsdtr. f.ca.1811, dei hadde 5 barn:

- Erland f.ca.1837
- Barbro f.ca.1843
- Mari f.ca.1845
- Eilev f.ca.1850
- Hendrik f.ca.1854

I 1875 vart det ny eigar av Håmår, det var da skjøte til Ole Jacobsen Hammer for 2000 kr. Ole Jacobsen nørdre Holen 1829-1917 var son til Jacob Olsen Siem f.1792 og Kari Olsdotter Holen 1805-1833. Ole vart i 1865 gift med Rønnaug Iversdotter Svendstad f.1833 dotter til Iver Nilsen Svendstad. I 1865 budde familien på Svendstad. Ole og Rønnaug hadde 5 barn:

- Mari f.1865
- Knut 1868-1952, neste brukar
- Iver f.1871
- Kari 1872-1878
- Imbjør 1876-1882

Knut Hammer fekk skjøte frå faren i 1889 for kr 8300. Knut var gift med Rønnaug Johannesdotter Veggum 1869-1968 dotter til Johannes Amundsen Austrem/Sunde 1847-1917 og Guri Olsdtr. Veggum n. 1841-1908. Knut og Rønnaug hadde 1 barn:

- Ole 1905-, neste brukar

I 1937 var det skjøte på Håmår frå Knut Hammer til sonen Ole K Hammer for kr 2000. Ole Hammer var gift med Anna Andersdtr. Nystuen Bjørnstad n. 1904-1998. Dei hadde 4 barn:

- Ragnhild f.1932
- Astrid f.1935
- Klara f.1940
- Guri f.1942

Arne Hammer f.1953 tok over etter besteforeldra i 1979. Han er son til Ragnhild Hammer f.1932 og Knut Fredriksen f.1932. Arne vart i 1984 gift med Rønnaug Siem f.1960 dotter til Hans Siem f.1930 og Klara Spakrud f.1932. Arne og Rønnaug har 3 barn:

- Kari f.1981
- Randi f.1986
- Hilde f.1991

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, slektene på Tolstad, Fellese m.v.
Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900
Utskrifter kyrkjebok for Vågå
Digitalarkivet: Panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.
Utskrifter tingbøker
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Arnfinn Engen, 2012: Gards- og slektshistorie for Heidal

Håmårsteigen – Statsteigen

Nedre Håmår makeskifta i 1825 ein skogteig mot Hovdassætra slik at Sve overtok skogteigen. I 1875 var det skjøte frå Paul Paulsen Sve til Forstvesenet for 800 spd. Dette er gnr. 3 bnr. 1.

I 1875 vart ein skogteig frådelt frå nedre Håmår med skjøte i 1876 frå Ole Jakobsen til Forstvesenet for 1300 spd. Dette er gnr. 4 bnr. 2.

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister

Fossen

Ole Amundsen var i 1801 husmann under Taulstad. Ole f.ca.1761 var gift med Mari Arnesdotter f.ca.1756, dei fekk føderåd på plassen Fossen i 1806. Ole og Mari hdade truleg ikkje barn.

Jon Jakobsen overtok og fekk husmannsseddel frå Taulstad. Jon Jakobsen f.ca.1775 d.1862 var son til Jakob Jonsen Rustmo. Jon var gift.

Jon vart 1835 gift på nytt med enkja Anne Syversdotter Uppistugu Skårvangen f.ca.1785 d.1860. Anne hade med ungar Gulbrand Olsen sonen

Syver 1810-1865, neste brukar

Syver Gulbrandsen Tolstadeie vart 1842 gift med Anne Jacobsdotter Rottenseie Einarsplassen f.ca.1818, ho var dotter til Jakob Jakobsen Rustmo Rottenseie. Syver og Anne hade 11 barn:

John 1842-1883, neste brukar

Anne f.1844, g.m. Ole Olsen/Hansen Aarhaugen

Jacob 1845-1846

Jacob 1847-1848

Mari f.1849

Guri 1851-1860

Kari 1853-1854

Kari 1855-1868

Anne f.1857

Ingeborg f.1859

Jacob 1863-1871

John Syversen var i 1865 og 1875 husmann i Fossen. Han vart 1866 gift med Kari Johnsdotter Weggumseie Kleivsetten dotter til John Syversen Weggumseie. John og Kari hadde 3 barn:

Anne f.1866

Syver f.1868

John f.1873

Mellom 1891 og 1900 kom det ny familie til Fossen. Peder Olsen Lauvrusten f.1852 var son til Ole Syversen Plassen 1827-1867 og Anne Pedersdotter Lauvrusten 1826-1906. Peder vart 1873 gift med Mari Pedersdotter Kleiven f.1843 dotter til Peder Larsen Kleiven. I 1885, 1888 og 1891 budde familien på Sørhaugen. I 1900, 1910 og 1920 var Peder husmann i Fossen.

Peder og Mari hadde 6 barn:

Ole f.1872, g.m. Anne Engebretsdtr. f.1862, til Amerika

Torø 1876-1948, seinare brukar

Peder 1879-1953, g.m. Marit Olsdtr. Svarvarhaugen 1882-1923

Anton 1883-1971, g.m. Mari Skurdal 1890-1982

Knut f.1885, neste eigar

Syver f.1888

Fossen gnr. 1 bnr. 20 vart frådelt frå Tolstad i 1950 med skjøte frå Hans P Tolstad til Knut P Fossen for kr 3500. Knut var ugift.

Torø vart 1906 gift med Knut Jakobsen Ulsletten 1876-1968 son til Jakob Knutsen Ulsletten. Knut vart i 1920 nemnd som skogsarbeidar. Knut kjøpte i 1939 Våreng/Rudilykkja. Knut overtok Fossen i 1950 frå svogeren Knut P Fossen som hadde kjøpt bruket same året. Knut og Torø hadde 6 barn:

Sofie 1905-2006, g.m. Ragnvald Kleiven 1902-1969

Jakob 1906-2000, g.m. Inga Snerlebakken

Mari 1909-1953, g.m. Sigurd Lillebråten

Pål 1911-1936, drukna

Knut 1913-2004, neste brukar

Tor 1918-1993, overtok Rudilykkja/Våreng i 1948

Torø hadde med Thorsten Pedersen Haaven, Nes på Romerike 1 barn:

Peder 1896-1976, på Våreng/Rudilykkja

Knut vart 1939 gift med Mari Østensdotter Steineidet, Heidal 1910-2005 dotter til Østen Mosebakken og Anne Steineidet. Knut og Mari hadde 4 barn:

Kjell f.1941, g.m. Grete Borkhus, Folldal

Arne f.1943, g.m. Else Ulsn, Sel

Thor f.1945, neste eigar

Åse f.1947, g.m. Walter Raastad

Thor vart 1967 gift med Marianne Brun f.1945 dotter til Edvin Brun og Ragnhild Ymbjørgøyen, Lalm. Thor og Marianne har 4 barn:

Tove f.1968

Henning f.1971

Morten f.1981

John Tore f.1987

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Paul Brun: Slektoversikt Fossen
Svein Kleiven: Slegt etter Mari Pedersdotter Kleiven